



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar: 2014/14561
Vår: 14/1054 - 14/5570

Saksbehandlar:

Gjertrud Karevoll
gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no

Dato:

30.09.2014

Høyringsuttale - Regional plan for attraktive senter i Hordaland

Høyringsutkastet for regional plan til attraktive sentrum i Hordaland har som hovudmål at eit nettverk av senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Desse sentra skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.

Senterstrukturen som er foreslått som gjeld Vaksdal kommune er fellesskapet Vaksdal, Osterøy, Samnanger og Arna, med sistnemde som regionsenter. Vidare struktur for val av kommunesenter, lokalsenter og nærsenter lagt til kvar kommune å avgjere.

Vaksdal kommune ser at kriteriene for både innbyggartal og reisetid er viktige parametre i samansetjinga rundt regionsenter. Sameina av Vaksdal, Osterøy, Samnanger og Arna tilfredsstiller dei føringane som er gjevne i dette. Dei deler av kommunen som vil få monaleg lengre reisetid enn 1 time til regionsenteret Arna, må kunna knyta seg til regionsenter som ligg nærare, t.d. Voss og/eller Knarvik.

Kommunen ser også at denne sameina har mange av dei same felles utfordringane i samfunnsstruktur og utvikling og eit sterkt regionsenter med godt tilbod for felles tenester som arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod, handel og transport vil vere samlande og til felles nytte.

Ved å satse på ein desentralisert struktur i Hordaland vil regionsentra vert styrka. Denne kan gje innbyggjarane betre tilgang til fylkeskommunale tenester som til dømes tannhelsetenester.

Vaksdal kommune ser positivt på senterstrukturen som høyringsutkastet skisserer.

Det vil vere viktig å tilføre Arna tilstrekkeleg med ressursar til å framstå som eit sterkt regionsenter.

Med helsing

Gjertrud Karevoll
Kommuneplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto
Org.nr. 961 821 967

